

Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen
v/Marita Bru
Åråsvågmyra 6
5943 Austrheim

15. februar 2018

Austrheim kommune v/administrasjonen
Sætremarka 2,
5943 AUSTRHEIM

KOMMUNEPLAN-AREALDEL I AUSTRHEIM KOMMUNE 2017-2027 ANDRE GONGS OFFENTLEG ETTERSYN; HØRINGSUTTALE

Som det går fram av namnet arbeider «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» for at området framleis skal vera den naturperla det er, urørt av øydeleggande utbygging.

Vi går difor på det sterkaste i mot at deler av Øksnesmarka blir nærings- og industriområde. Vi meiner at planane for Øksnesmarka må stoppast ein gang for alle.

Øksnesmarka/Åråsvågen er mykje brukt til tur og rekreasjon, og for oss er det vanskeleg å forstå at delar av det politiske miljøet i Austrheim kommune vil legge til rette for «Industri og bergverk», med tilhøyrande store prosjekt når det gjeld anlegg og infrastruktur, og dette i urørt natur. Spesielt ille blir det når vi veit at tiltaka heilt klart vil medføre at naturmiljøet og det biologiske mangfaldet i området vil bli påført uoppretteleg skade. For å ta nokre konkret eksempel, kva med havørnen og oteren som held til i området i dag? Eller for ikkje å snakka om den sterkt truga breibandpraktviklaren. Øydelegging av store område myr vil også sleppa laus store mengder klimagassar.

Så er det slik at gjennom hausten 2017 har Multiconsult, på oppdrag frå Austrheim kommune, utarbeidd «Konsekvensutgreiing og ROS analyse» KU-AREALINNSPEL/TILTAK NR: 120 ØKSNESMARKA. I uttalen vår har vi teke utgangspunkt i dette dokumentet, som vurderer konsekvensane av å endra området frå LNF til næringsområde.

Landskap

Sitat KU: **Større kystlandskap utan tiltak. Synleg frå store områder både på land og frå sjø. Stor negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi er samd i konsekvensvurderinga. Ruvande bygningar og andre konstruksjonar (t.d. kraner) vil i sterk grad sette sitt negative preg på området, som er eit lågtliggande og relativt flatt landskap. Resultatet kan bli en dominerande visuell forureining, synleg over store område.

Friluftsliv

Sitat KU: **Søre del er registrert som svært viktig friluftsområde og det inngår i eit større samanhengande område. Det går mange stiar på kryss og tvers gjennom området. Stor negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi er samd i konsekvensvurderinga og vil samstundes understreka at Øksnesmarka har stort utviklingspotensiale fordi marka ligg midt mellom store bustadområde. Åråsvågen med småbåthamna si er dessutan viktig for utfarten til den største naturattraksjonen i Austrheim, Øyane.

Naturmangfald

Sitat KU: **Inngår i det einaste inngrepsfrie naturområdet i kommunen. Fleire registrerte sårbare artar, mellom anna den sterkt trua sumarfuglen Breibandspraktvikler. Del av Austevågane er registrert som viktig naturtype, Strandeng. Stor negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi delar konsekvensvurderinga, men tykkjer at den totale biologien i marka skulle vore breiare undersøkt. Kva med ulike sortar amfibiar i myr og vassdrag? Eller kva med hjorten? Vi saknar dessutan kartlegging av mosar og lav og fisk i Teinelva, som har ei livskraftig stamme av fin aure.

Så er det også slik at etter vårt syn heng industriområdet i Øksnesmarka og djupvasskaien i Åråsvågen nøye saman, dvs. at utan industriområde vert det ikkje djupvasskai, og utan djupvasskai vert det ikkje industriområde.

Vi undrar oss derfor også over at Åråsvågen er vurdert berre i høve strandlinja. Det er ikkje sagt noko om sjølve Åråsvågen, det marine livet der, og heller ikkje noko om fuglelivet i Åråsvågen. Aksjonsgruppa ser på dette som ein klar mangel ved konsekvensutgreiinga.

Vi fryktar at fisket i Åråsvågen vil bli dårlegare, t.d. avrenning frå sprengingsarbeid og steinuttak og anna arbeid på området. Vi gjer i den samanhengen merksam på at heile Åråsvågen er avsett til kaste- og låssettingsplass (rekefelt).

Landbruk

Sitat KU: **I hovudsak open skrin eller jorddekt fastmark. Noko skog med lav bonitet og ein del myr. Liten negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Det er rett som konsekvensvurderinga seier, at Øksnesmarka er skrin. Men dette er likevel typisk kystlynghei med stort potensiale for utmarksbeite. Problemet har vore at Øksnesmarka i 44 år har vore bandlagd til industriføremål ut at noko har skjedd. Det har hindra utvikling av marka til beite og skjøtsel fordi slike tiltak ville ha ei usikker framtid. No er det på tide å gje bønder som ønskjer å utvikla området føreseielege rammer, t.d. gjennom beitelag. Då er den einaste løysinga å endra arealkategorien frå næring til LNF og slik få ein berekraftig symbiose mellom landbruk, biologisk mangfald og friluftsliv. I så måte har Øksnesmarka eit eineståande potensiale.

Vi meiner difor å leggja dette landbruksområdet ut til næring vil ha stor negativ konsekvens.

Helse

Sitat KU: **Mykje nytta til turgåing. Urørd natur nær busetnad og kommunesentrum har stor verdi for folkehelsa. Bratt og lite tilgjengeleg frå sjøen. Stor negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi delar denne konsekvensvurderinga. Det er vanskeleg å forstå at nokre av lokalpolitikarane våre kan meine at det er greitt at bustadområde og tung næringsverksemd ukomplisert kan vera nære naboar. Skulle dette bli ein realitet, vil det gå på helsa laus for mange menneske. Vi er særleg bekymra for støynivået, men og steinstøv og anna forureining.

Kulturminne og kulturmiljø

Sitat KU: **Ingen registrerte kulturminne. 1 SEFRAK registrert bygg og nokre ruinar i området. Middels negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi meiner konsekvensvurderinga ikkje er fyldestgjerande og vil be om at det vert gjort grundigare undersøkingar i marka slik Hordaland fylkeskommune bed om i fråsegna si. Øksnesmarka er rik på kulturminne etter utmarksbeite, torvtaking og gamal ferdsle. Vi vurderer difor den negative konsekvensen som stor.

Risiko og sårbarheit

Sitat KU: **Auka trafikk og tungtrafikk vil auka sannsynlighet og konsekvens av trafikkulukker. Fare for støv i vatnet ved massehandtering som kan gje ulemper for oppdrettsanlegg. Middels negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Risiko og sårbarheit er vurdert berre i høve land, ikkje i høve sjø. Vårt syn er at den negative konsekvensen sannsynlegvis er stor.

Det er ikkje vurdert om det eksisterande oppdrettsanlegget i ytre Åråsvågen vil verta ei hindring for å manøvrera større fartøy inn og ut av Åråsvågen eller i kva grad Åråsvågen i seg sjølv er egna til å manøvrera slike fartøy i. Vi er også uroa i forhold til mogelege ulukker i samband med den eventuelt auka skipstrafikken i Åråsvågen, jfr. Server-ulukka. Vil Austrheim kommune ha beredskap for å handtera liknande hendingar?

Både i anleggsperioden og vidare framover frykter vi også store område rundt industriområdet og djupvasskaaien vil bli sjenert av støy, støv mm..

Vi fryktar også at det kan verta restriksjonar på ferdsla i området ved djupvasskaaien.

Miljø og klima

Sitat KU: **Vindutsett. Endring av torvmyr vil føre til utslepp av klimagasser. Liten negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi er grunnleggjande usamd i konsekvensvurderinga og meiner det store omfanget av til dels djup myr i Øksnesmarka vil føra til store utslepp av klimagassar om området blir regulert til næringsføremål. Dette vil vera i strid med nasjonale og regionale mål om reduserte klimagassutslepp og dessutan i strid med myrvernet. Vi meiner den negative konsekvensen må setjast til stor, ikkje liten.

Born og unge

Sitat KU: **Born og unge er meir avhengig av turområde i gang/sykkelavstand frå enn vaksne. Nærleiken til kommunesenteret og dei mange stiane har verdi for born og unge. Stor negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Ein inngrepsfri Øksnesmarka vil gjera det mogeleg for den til ein kvar tid oppveksande slekt å kunna oppleva, og ferdast i, uberørt natur. Vi er samde i konsekvensvurderinga.

Strandsone

Sitat KU: **Næringsbygg og kaiar vil endra strandsona vesentleg. Stor negativ konsekvens.**

Vår kommentar:

Vi er samde i konsekvensvurderinga. Strandsona er Austrheim kommune si største naturverdi.

Samfunnsmessige tilhøve

Sitat KU: **Natur- og friluftsverdiane er viktige for lokalsamfunnet. Kommunen vil miste planlagde næringsområde og kai, og dermed arbeidsplassar. Det er ikkje andre så store framtidige næringsareal i kommunen. Stor positiv konsekvens.**

Vår kommentar:

Kva type næringsverksemd kan vi vente oss her ute?

Det veit vi eigentleg ikkje, men uansett er utbygging/industri i Øksnesmarka sterkt uønskt.

Så er det likevel ålment kjent at ein lokal entrepenør har konkrete planar for den nordaustlege delen av Øksnesmarka og tilstøytande del av Årsvågen.

Desse planane, slik dei kjem fram frå arkitektfirmaet Vidar Mjøs, i notat (paginert s. 1 - s. 18) til Austrheim kommune datert Bergen 21. juni 2016, kan kort seiast å omfatta blant anna;

Sjølv industriområdet: Ca. 900 daa av den nordlige del av Øksnesmarka (notat s. 1 og s. 6).

I 2. gangs behandling av kommuneplanen no redusert til ca. 700 daa i sør, men er likevel like øydeleggjande for Øksnesmarka som før denne reduksjonen.

Veg: Framføring av veg (og annan infrastruktur) til industriområdet gjennom urørt natur (notat blant anna s. 8 og s. 13) og gjennom bustadområde. Vegframføring er ikkje lagt inn i kommuneplanen og difor heller ikkje konsekvensvurdert. Det meiner vi er kritikkverdige, ikkje minst fordi industriområdet kan få store negative konsekvensar for trafikk på og dei som bur langs den smale einfelts kommunale vegen mellom Austrheim og Øksnes.

Djupvasskai(ar): Alternativt 3 stk. mindre, (notat s. 7), eller 1 stk. stor djupvasskai lokalisert til også urørt del av Årsvågen (notat f.eks. s. 8, s. 12, og s. 13.). I denne samanhengen skal/må det bandleggast sjøareal ved kai/industriområdet. (notat s. 8).

Vasstilførsel: Etter den nye kommuneplanen er det ikkje aktuelt å føre vatn fram til den aktuelle delen av kommunen der næringsområdet er planlagt, på mange år (10 år +?). Men det inngår i entrepenøren sine planar å ta vatn frå Teinelva/Auretjørn (notat s. 9) og/eller føre vatn i leidning i sjø frå Årås (notat s. 9 og s. 18). Vassleidning i sjø vil vel bandlegge store område langs vassleidninga. Dette er gode teine- og fiskeplassar som betyr mykje for bebuarar og hyttefolk i denne delen av kommunen og for yrkesfiskarar i aktuelle sesongar.

Konklusjon

Sitat KU: **Kommunen meiner det er trong for meir industriareal og kai i kommunen. Utfordringa er at Øksnemarka har store verdiar for naturmangfald, trua artar, viktige naturområde og friluftsområde. Dette er ikkje-fornybare ressursar som ikkje kan erstattast. Øksnesmarka tilrådest fortsatt å vera LNF.**

Vår sluttmerknad:

For oss verkar konsekvensvurderinga solid i høve sjølve Øksnesmarka, men vi finn nokre manglar som vi bed om blir retta opp med tilleggsundersøkingar.

1. Vi bed om fullstendig konsekvensvurdering av Åråsvågen, inkl. risiko- og sårbarheit i høve skipstrafikk til og frå djupvasskai. Konsekvensvurderinga må ha særleg fokus på biologisk mangfald i vågen, men og konsekvensar for etablerte og planlagde bustadområde i Åråsvågen, Kystbarnehagen, Kystlandsbyen, planlagd hotell og ikkje minst område for akvakultur like i nærleiken av industriområdet.
2. Vi bed om fyldestgjerande konsekvensvurdering av Øksnesmarka, dvs. kartlegging også av akvatiske forhold og terrestriske tema som ikkje er utgreidd, m.a. hjort og mosar og lav. Vi bed om grundigare kartlegging og vurdering av kulturminne slik Hordaland fylkeskommune krev.
3. Vi bed om at veg- og vasstilførsel verd vurdert som ein del av vedtaksgrunnlaget. Korkje i kommunen sine vedtekne planar eller i arealplanen er slik infrastruktur lagt inn. Det meiner vi er kritikkverdig. I sær vegtilkomst vil krevja store naturinngrep, grunnavståingar og stor trafikk på underdimensjonerte kommunale vegar, alt utanfor næringsområdet. Det er også uklar kven som skal finansiera denne infrastrukturen.

Utanom desse merknadene vil «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» på det sterkaste oppmoda Austrheim kommune om å fylgja tilrådinga frå konsekvensutgreiinga til Multiconsult slik at Øksnesmarka vert sikra som LNF-område for etterkomande slekter.

For aksjonsgruppen «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen»

Marita Bru
talsperson

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland

